



Slatterøy fyr
1859~2009



Forord

Venner av Slåtterøy fyr er dei nye brukarane av fyrbygningane på Slåtterøy etter at fyrstasjonen vart avbemannet. Me er ein frivillig organisasjon som har leigeavtale med Kystverket Vest, og arbeider for å gjera fyrstasjonen tilgjengeleg for folk flest.

I år markerer me fyret sitt 150-årsjubileum, mellom anna med dette heftet. Her gjev me eit kortfatta oversyn over fyret si historie, og viser bilete frå det flotte natur- og kulturlandskapet på Slåtterøy.

Mange av dei som besøker fyret, er interesserte i krigshendingane her ute under 2. verdskrig. Desse hendingane har fått lite skriftleg publisitet. Karl Gloppen har no skrivt om dette emnet og stilt artikkelen sin til rådvelde for jubileumsheftet vårt. Dette er me svært takksame for.

Me vil også ved dette høvet takka Kystverket Vest for eit framifrå samarbeid, noko som er inspirerande for oss som er sette til å styra organisasjonen. Inspirerande er også den jamne tilflyten av nye medlemmer.

Venner av Slåtterøy fyr er tilslutta Norsk fyrhistorisk forening og har eigne nettsider på fyr.no.

Brandasund 4. august 2009

Jan Willy Folgerø-Holm

Ole Torget

Knut Wegner Meling

Torleif Meling

Bilde:

Georg Salvesen

Kystverket

Venner av Slåtterøy fyr

Slatterøy fyr
1859~2009

Slåtterøy fyr gjennom 150 år

Tekst: Torleif Meling

Å setja opp lys for sjøfarande var ei stor oppgåve for ein liten, fattig nasjon med lang og utfordrande kystlinje. Seint kom me i gang her til lands, men på siste halvdel av 1800-talet vart store offentlege ressursar sette inn på fyrbygging. Sommaren 1859 stod såleis kystfyret utanfor Brandasundet klart til bruk.

Slåtterøya var peika ut som den høvelegaste staden for det nye fyret, framfor Fugløy som var alternativet på nordsida av Selbjørnsfjorden; reint farvatn og enklast mogleg tilkomst frå land var kriterium for stadvalet. Det var landhandlaren ved Gisøsund, Østinius Amalius Strand, som åtte øya, og han selde den nordre halvdel til staten for 500 spesiedalar. I 1858 tok anleggsarbeidet til, og året etter vart altså lyset tent.

Fyrstasjonen var eit omfattande teknisk anlegg med tårn, bustad, uthus og ein 420 meter lang sjøveg til naustet i Slåtterøykeila lenger sør. Vegen, bygd i hoggen granitt og med sine mange trapper, er noko av det som særmerker fyranlegget på Slåtterøy.

I 1885 vart det bygd smie (riven omkr. 1960), i 1901 assistentbustad og dessutan naust med lendingsanlegg i nord. Siste tilskot til bygningsmassen var det såkalla maskinhuset for radiofyr og aggregat for reservestraum.

Fyrfolket laga til terrasserte hagar og bygde hønsehus; i uthuset var det fjøs. Dette gjev oss grunnen til at fyrvesenet kjøpte nær på halve Slåtterøya, fyrstasjonen trong nemleg jordveg med areal til åker, slått og beite. Fyrforvaltaren og assistenten hadde bås for ei ku kvar. Parsellen hadde også tilfang av brennetorv, fleire stader

på eigedommen kan me finna torvskører som vitnar om at også denne ressursen har vore nytta. Torva vart førd til tuns via løypestreng. Til fyreigedommen hørde frå gammalt også ein laksevåg. Siste laksefiskaren me kjenner til på Slåtterøy, var fyrmeister Svendsen som før krigen hadde laksenot.

Familiestasjonen

Fyrforvaltaren, som nemninga først var, hadde eit ansvarsfullt arbeid med døgnvakt ved fyret. Han var avhengig av å ha familie, også kona måtte ta sin tårn som fyrvaktar i tillegg til det tradisjonelle kvinnearbeidet i hushaldet.

Snart fekk fyrmeisteren assistent og ytterlegare ein reserveassistent. Fyrstasjonen vart såleis bustad for tre familiar, eit lite samfunn for seg sjølv. Særleg vinterstid bidrog den vêrutsette lokaliteten til isolasjon. I periodar måtte borna bu i land av omsyn til skulegangen.

Oftast kom fyrfolket frå andre stader i landet og utgjorde språkleg og kulturelt eit eksotisk innslag i lokalmiljøet. Fyrforvaltaren hadde dessutan som statstenestemann høg sosial status, noko som også vart avspegla i bustadstandarden på fyret. Første høgda av fyrbustaden hadde stor takhøgde og mange rom, medan assistenten som budde ovanpå, hadde vesentleg enklare tilhøve.

Nemninga "fyrvaktar" fortel naturlegvis kva som var mannskapet si hovudoppgåve, å sjå til at lyset vart halde ved like natta gjennom. Viktig, og kanskje meir utfordrande, var det også å halda tårnet og bygningane ved like under tøffe klimatiske tilhøve. Etter kvart vart også andre

oppgåver lagde til fyrstasjonen: meteorologiske observasjonar for vêrtenesta, militære og sivile kystvaktoppgåver, drift av radiofyret.

Radiofyret var ein installasjon frå 1930-talet som skulle supplera fyrlyset når sikttilhøva var dårlege, mindre enn 10 nautiske mil. Radiofyret var opphavleg batteridrive med straum frå ei vindmølle, seinare kom det bensinaggregat. Slåtterøy sin signatur i dette mediet var morsebokstavane SL. Denne fyrtenesta er i dag nedlagd.

Fyrmeistrane på Slåtterøy

| | |
|--------------------|-----------|
| Ole J Eyde | 1859-63 |
| Søren Jersin | 1863-82 |
| Hans Oluf Dahl | 1882-88 |
| Rasmus Tonning | 1888-90 |
| Abraham S Tønnesen | 1890-1900 |
| Immanuel Schøyen | 1900-13 |
| Theodor A Salvesen | 1913-30 |
| Lars K A Svendsen | 1930-52 |
| Morten A Høvik | 1952-70 |
| Nils L Eriksen | 1970-89 |
| Leonard Kvernenes | 1989-91 |
| Idar Runde | 1991-94 |
| Asbjørn Nupen | 1994-2003 |

Tårnet og lyset

Til vanleg er det tårnet som er fyrstasjonen sitt blikkfang. Fyrvesenet byrja tidleg på 1850-talet å byggja fyrtårn i støypejern. Slike tårn var enkle å setja opp og dei trong relativt lite vedlikehald. Slåtterøy fekk det fjerde av dei 40 jerntårna som etter kvart vart bygde langs norskekysten, Bærums verk var leverandør.

Det 25 meter høge tårnet er skrudd saman av ni ringar av støypejernssegment, fundamentert på ein sokkel av granitt og festa med splittboltar i berget om lag 22 meter over havet. Resultatet vert såleis eit monumentalt landemerke ved Bømlø sin nordvestre utpost.

Første høgda av tårnet var innretta til lagring av parafin, den tids nye brennstoff. Høgare oppe fanst fasilitetar for fyrvaktarane, køyer, bord og stol. Øvst var lykterommet utstyrt med oljebrennar og linse.

Fyret hadde opphavleg fast lys. Etter kvart som parafinlampar kom i bruk i kystbygdene, vart det eit problem å skilja faste fyrlys frå andre lys på land. I 1901 vart difor Slåtterøy ombygd til blinkfy. Lyktheuset måtte utvidast av di fyret no fekk større linse, eit apparat av største kategori frå franske Fresnel.

Bak ser me fyrmeister Salvesen med frue omgjevne av sine 11 born. Dei vaksne i fremre rekkje er herr og fru assistent Olsen.



Eit linseapparat av slik dimensjon og vekt utfordrar rotasjonslageret; løysinga vart eit bad av kvikksølv der ein flottør held linsa i praktisk talt friksjons- og vedlikehaldsfri rundgang.

Lyset sin karakteristikk er to blink kvart halve minutt. Denne kjem i stand ved at apparatet gjennom to sett doble samlelinser og prisme formidlar fire konsentrerte strålebuntar per rotasjon. Lik eit urverk vart linsa driven av eit lodd som vandra ned gjennom tårnet sine mange golv for så å heisast opp av fyrvaktaren etter to-tre timar. Dette var nattevakta si eine hovudoppgåve; den andre var å sjå til at oljebrennaren var operativ, noko han heldt auga med gjennom speglar ned til vaktrommet.

Lyskjelda var som nemnt opphavleg ein oljebrennar. Denne innretninga innebar utskifting av veike med jamne mellomrom og påfylling av olje. Mindre sot på linse og vindauge vart det seinare då glødebrennaren erstatta den gamle veikebrennaren. Etter instruksen skulle fyret tennast ved solnedgang og sløkkjast ved -oppgang.



Merkeåret 1958

Etter praktisk talt 100 års drift vart Slåtterøy fyr elektrifisert i 1958; oljefyringa sine ulemper var borte og ein elektromotor sytte for linsa sin rotasjon. Dette gjorde vakthaldet enklare. Som ein kuriositet er det å nemna at Slåtterøy no fekk landets sterkaste fyrlys. Fyret si lysvidde er 18,5 nautiske mil.

Også på eit anna vis representerte dette året eit tidsskilje for Slåtterøy fyr. Stasjonen vart nedbygd frå familie- til tårnstasjon. Familiane måtte no flytta i land medan dei tre fyrvaktarane vart månadspendlarar til arbeidsplassen sin: fire veker ute, to heime. Trongen for hus vart mindre, noko som medførde at assistentbustaden og uthuset vart rivne.

Automatisering og avfolking

Omstillingane skulle med tida bli fleire. Såvel fyr- som navigasjonsteknologien er i utvikling, med følgjer for fyrdrifta. På 1970-talet vart automatisering av fyra eit tema i etaten, Slåtterøy vart automatisert omkring 1990. Tenning og sløkking vart no styrt av fotocelle og fyrvaktaren trong ikkje lenger gå dei daglege turane opp i tårnet.

Seinare byrja prosessen med avfolking av fyra etter Stortingets vilje. Per 2006 er alle norske fyr utan menneskap, for Slåtterøy sitt vedkommande skjedde det hausten 2003.

Om fyrstasjonane er avfolka, tyder ikkje det at dei er nedlagde. Fyra lyser som før, men inntil vidare, er det nok rett å leggja til, for fleire endringar er på gang. Etter politiske føringar er Kystverket no i ferd med å erstatta kystfyra sine tradisjonelle blinklys med eit fast lys basert på solcelledrift. Slik kan ein få til nye innsparingar av energi- og vedlikehaldsutgifter. Eit slikt lys har mindre lysvidd enn det gamle, og gjev ikkje det einskilde fyret ein identifiserbar karakteristikk. Denne utviklinga byggjer på den vurderinga at fyra ikkje lenger er så viktige navigasjonsmiddel som før.

Avfolkinga av fyra medførte altså innsparingar i etaten sine budsjett, men ho skapte samstundes nye utfordringar. Utan menneskap som driv kontinuerleg vedlikehald av anlegga, går forfallet fort på dei vêrutsette stadene. Kva vert no lagnaden til dei mange mørklagde bygningane ved fyrstasjonane?

Slåtterøy fyrstasjon tidleg 1900-talet.





Freding

Samstundes som fyrstasjonane vart avfolka, og kanskje også på grunn av dette, voks det i samfunnet fram ei aukande erkjenning av den kulturhistoriske verdien fyrhistoria representerer. Som eit uttrykk for dette, fekk me på 1990-talet ein nasjonal verneplan for fyrstasjonar med forslag om å freda eit utval fyr. I november 1999 vart såleis Slåtterøy fyr freda med heimel i kulturminnelova. Til grunn for fredinga ligg denne vurderinga frå Riksantikvaren:

“Slåtterøy fyrstasjon er et helhetlig anlegg med stor miljøskapende verdi. Fyret er en god representant for de tidlige, høye støpejernstårnene. Fyrtårnet har aldersverdi som landets fjerde eldste støpejernstårn og fyrhistorisk interesse med landets sterkeste fyrlys. Hendelsene på stasjonen under 2. verdenskrig har historisk interesse.” (Sitat frå Nasjonal verneplan for fyrstasjonar, 1997)

“Riksantikvaren skriv i fredingsvedtaket datert 17.11.1999: Formålet med fredningen av Slåtterøy fyrstasjon er å bevare et kulturhistorisk og arkitektonisk verdifullt bygningsanlegg tilknyttet sjøfart, fyrvesen og kystkultur med fyrtårn, fyrvokterbolig, naust og steinlagt vei og området rundt fyrstasjonen.”

Verneplanen innser at det er viktig å finna fram til nye bruksområde for fyrstasjonane dersom ein skal få til eit meningsfullt vern av dei. Ein ser det som ønskeleg at Kystdirektoratet framleis eig anlegga, men at dei vert leigde ut til eksterne brukarar. Viktige føringar er då at den nye bruken må ta utgangspunkt i fyret sin eigenart og vert tilpassa dei avgrensingane som anlegget har.

Ny bruk av Slåtterøy fyr

Bygningane ved Slåtterøy fyr stod ikkje lenge folketomme før nye brukarar låste seg inn. Allereie våren 2004 vart foreininga Venner av Slåtterøy fyr stifta etter at leigeavtale med Kystverket var klarert. Foreininga sitt formål er å profilera fyr- og kystkultur og å gjera fyrstasjonen allment tilgjengeleg. Til hjelp under dette føremålet har foreininga eit nær samarbeid med Kystverket Vest, medlemskap i Norsk Fyrhistorisk Forening og gode hjelparar i næringslivet.

Venner av Slåtterøy fyr har gjort fyrbustaden til ein triveleg stad å vera for sine gjester, og husbiblioteket tilbyr litteratur om fyrhistorie og kystkultur generelt.

Interessa for å vitja fyret er stor. Gjestene er opptekne av det fyrtekniske, ikkje minst det store linseklenodiet med sine skotskadar frå krigens tid; og dei er fasinerte av den flotte naturen på Slåtterøy. Geologien, med dei storslegne granittstrukturane; kulturlandskapet med gamle utslåttar, stølsbu, lynghei og beitedyr; havet sitt sterke nærvær; alt dette er omgjevnader som viser seg å ha stor appell til dei som kjem i land her ute.

Kva med framtida?

Det er nok rett å seia at "fyralderen" er over; fyrbygginga tok slutt på 1930-talet, og utviklinga me har sett dei siste tiåra, kan likna ei avvikling. Kystfyra vert dermed ståande som minnesmerke over ein historisk epoke i den maritime kulturen.

Slåtterøy fyr er freda og eit godt vedlikehalde anlegg til glede for mange menneske enten dei søkjer kulturhistorie eller rekreasjon. Dei nye brukarane investerer entusiasme og arbeid for å ta vare på fyrstasjonen, og håpar at det folkelege engasjementet vil bidra til ei trygg framtid for denne kulturskatten ute ved Brandasundet.

Kjelder:

C F Rode: Norges fyrvesen, 1941

B Bjørkhaug og S Poulsson: Norges fyr I-II, 1986

D Monrad-Krohn: Nasjonal verneplan for fyrstasjoner, 1997

Ymse dokumentasjon frå Statsarkivet i Bergen

Tidl. fyrmeister Nils Eriksen







Slåtterøy fyrstasjon i eldlinja

Tekst: Karl Gloppen

Då krigen kom til Noreg, den 9. april 1940, gjekk det berre nokre veker før også me, som budde her i den fredelige Fitjarbygda, fekk krigens gru like inn på livet. Det var ei hending som har fått lite merksemd i alt det som har vore publisert av krigshendingar her langs vestlandskysten, men i sivile og militære notat og loggbøker kan ein finna detaljerte rapportar om det som skjedde. Likeeins er det enno nokre få personar som sjølve var med, eller som barn og unge observerte desse trefningane. Dei skjedde ute på Slåtterøya, og det er desse skildringane eg vil presentera.

Flyåtak på Slåtterøy fyrstasjon

I dei aller første dagane etter 9. april 1940 var alle norske kystfyr sløkte, men fyrvaktar Svendsen på Slåtterøya var sjølvstekt på plass – som alltid – og venta på ordre om å tenna fyrlyset på nytt.

Den 1. august rodde han inn til Brandasund for å handla kolonialvarer. Ute på Slåtterøya var no dei to døtrene – Inger og Astrid – aleine heime. Inger, den eldste, var 18 år, Astrid var noko yngre. Dei var inne i fyrvakterbustaden. Brått hørde dei ein dur som auka til eit drønn, rett over huset. Jentene sprang bort til vindaugo for å sjå kva dette var. I det same kom eit veldig brak. Det var ei bombe i ein skur av glassplintar vart dei kasta inn i romet. Då dei kom til medvit, såg dei at blodet silte frå store og små glassplintar som sat fast i ansiktet og heile overkroppen. Astrid var minst såra og greidde så vidt å koma seg til telefonen og ringa til butikken i Brandasund. Far deira og fleire karar rodde alt dei var god for mot Slåtterøya.

Det var eit fælsleg syn dei såg då dei nådde fram. Jentene vart frakta inn til Fitjar, der lækjar kom til stades, men Inger døydde neste dag av

blodtapet. Ho vart gravlagd på Fitjar kyrkjegard, og namnet hennar står på bautaen over dei falne under verdskrigen..

Fyrvaktar Nils Eriksen har nokre tileggsopplysningar om korleis det såg ut etter dette flyåtakinget: “Det såg stygt ut – på og omkring fyrtårnet – då hjelpemannskapet kom ut til øya. Mest alle glasrutene i bygningane og i tårnet var blåsne inn. Det var glasskår over alt.” Dette var første åtakinget på Slåtterøy fyrstasjon, og me fitjarbuar var sterkt oppskaka over denne lokale krigshendinga. (Ei av systrene mine hadde blitt konfirmert saman med Inger Svendsen, og dei hadde vore gode lesarvenninner.)

Då tyskarane overtok Slåtterøy fyr, bygde dei straks forsvarstillingar kring fyret, og då reparerte dei også skadane på bygningane. Seinare overtok dei sjølve fyrtenesta, men dei plikta likevel den norske fyrvaktaren til å vera i beredskap i Brandasund.

Tyskarane bygde ut forsvarsstillingar ved dei fleste store kystfyr. Frå desse hadde dei eit vidt utsyn over dei nære havområda. Men dei fleste av desse fyrlysa var sløkte det meste av tida, for å hindra at dei kunne nyttast av fienden til lokalisering av angrepsmål. Dei mindre leifyra og lyktene var derimot tende, slik at den lokale skipstrafikken innaskjers kunne gå som normalt.

Nils Eriksen fortel: “Det vart bygd maskingeværstillingar på øya, og ei kanonstilling (maskinkanon?) på nordsida av våningshuset. Denne var av stein og betong, og hadde ein rømningsveg ned til ein klove i terrenget. Det var bolta fast ein liten jarnstige ned dit. På den einaste grassletta på Slåtterøya var det lagd ned landminer, og i dalsøkket sør for høgdedraget var det sett opp piggrådgerde. Borte på Gissøya er det ein dal som fører ned til båtlandinga. Der gjekk det ein gangsti. Den vart flittig bruka

av mannskapet på fyret. I denne dalen var det og sett opp eit langt piggrådgerde, som etter krigen vart rulla saman i store haugar.” (Eriksen berga ein gong eit lam som hadde sett seg fast i dette gjerdet.)

Frå toppen av Brandasundsåto er det eit fantastisk utsyn i alle himmelretningar. Her stod det under Napoleonskrigane (1807 - 1814) ein optisk telegrafstasjon, den såkalla klaffetelegraften. I mange år var Brandasundsåto nytta som utsiktsplass for losane som skulle sikra framande skip trygg lei inn frå havet - serleg framom den farlege “Håkelen” (Høkkelboen), ved innseglinga til Selbjørnsfjorden.

Tyskarane bygde denne gamle utsiktsstasjonen på høgaste toppen om til ein militær kystvaktstasjon. Den var delvis nedsprengt i fjellet. Der stod - mellom anna - ei peileskive, og ein svær prismekikkert, med trådkors i synsfeltet. Over denne observasjonsbunkeren var det montert ein aluminiumskuppel som kunne lyftast av. Det var og ein mitraljøsestilling der oppe - og sjølvstekt piggrådgerde rundt anlegget. Festninga på Osterneset hadde dagleg kontakt med mannskapet på Brandasundsåto, mellom anna under skyteøving med 12.7 cm. hovudkanonene, som hadde ei skotvidde på 17500 meter, altså heilt ut til Slåtterøy fyr.

Festninga hadde og ein tilsvarende liten utpost på Stolmen - på nordsida av fjorden. Denne stod under kommando av Osternes Festning og hadde mannskap henta derifrå.

Forfattaren Halvor Sperbund har følgjande kommentar til anlegget på toppen av denne såta:

“På toppen av Brandasundsåto hadde tyskerne en såkalt FluWa (Flugzeug Wache), altså en flymeldepost eller flyvaktpost, (i likhet med stasjonen oppe på Landåsåto.) Den het FluWa Brg. 8. Brandasund (Brg. = forkortelse for Bergen,) og var en av de 11 tilsvarende innen Hordaland fylke. Den ble bemannet med 13 mann som gikk på døgnkontinuerlige skift. De bodde i brakken som nå er sterkt oppgradert som hytte. FluWa Brg. 8. var underlagt, og rapporterte til Luftwaffe sin radarstasjon på Stolmen, som het FluWa 9. Brg. og hadde kodenavnet “Storchschnabel.” Dette var en hovedflymeldesentral, som rapporterte direkte til AFMZ i Bergen. “Storchschnabel” var utrustet med en “Freya” langdistanseradar, rekkevidde 140 km, og to “Wurzburg Riese” - radarer med rekkevidde 80 km. Den ene kontrollerte egne jagerfly, den andre fulgte fiendens fly.”

Granathol i fyrtårnet.



I kamp med norske motortorpedobåtar

I året 1944 auka aktiviteten til den norske MTB-flotiljen sine tokt mot den norske vestkysten. Disse aksjonane førde til sviande skipstap for den tyske okkupasjons makta, men av og til også for den sivile norske båttrafikken. På slike tokt gjorde desse små, men sterkt væpna orlogsfartøya raske raid mot tyske utpostar og kystfyrstasjonar - frå Jæren i sør til Stadt i nord, men mest på hordalandskysten.

Det første åtakket mot Slåtterøy fyrstasjon kom like før jul 1 - mellom 23.og 24.des. I ein sterkt forkorta rapport til sjefen for MTB- flotiljen på Shetland stod følgjande:

” MTB ”7 12” Herlovsen og MTB ”722” Bøgeberg. Styrte Nyleden, Stokksund mot Mosterhavn, der MTB ”7 12” torpederte ”M 489” (tysk minesveipar) som sank med 46 mann. La under utfarten den tyske forlegning på Slotterøy under ild.”

I ein fyldigare rapport står det: ”Mens MTB-ene styrte nordover Nyleden ble det gjort klart til å beskytte husene på Slotterøy, da det var kjent at tyske soldater var innkvartert i disse. (Legg merke til at dei ikkje skulle skyta mot sjølve fyrtårnet.) Kl. 22 16 passerte båtene Eggholmen og Hanøy og nærmet seg Slotterøy fra øst. Kl. 2233 åpnet MTB ”7 12” ild med kanoner og maskingevær mot husene på Slotterøy på en avstand av 200 m, og tre minutter senere tok også MTB ”722” til å beskytte de samme målene. Skytingen fra hver båt varte i 4-5 minutter, i det de passerte Slotterøy med 8 knops fart. I alt skjøt båtene følgende antall skudd:” Her kjem ei utførleg liste over tal skot frå alle våpna ombord: Ei 57 mm kanon, også kalla ”pom-pom”-kanon, to 20 mm. maskinkanoner (luftskyts) og 2 mitraljøser, skaut til saman 475 kanonskot og 2650 geværskot! (mitraljøse.) Ein MTB hadde ei enorm eldkraft til å vera så liten!

Vidare står det i rapporten: ” Husene var vanskelige å ta ut, da de lå nede i en kløft, og fordi månen på dette tidspunkt kastet slagskygge over dem. Noen nøyaktig oppgave over virkningen av beskytningen kan derfor ikke gis. Men det ble i allfall sett at minst ett hus ble skutt i brann. Kl. 2240 gikk båtene ut til sjøs

og satte kurs for Shetland. Det ble da sett at et rødt Verylys ble skutt opp fra Slotterøy, og ett fra Stolmen, og at noen lysgranater ble skutt til værs over Selbjørnsfjorden, antagelig fra det tyske kystbatteriet på Osternes.”

Bygningane på øya fekk store skadar, seier Nils Eriksen. Serleg gjekk det ut over taket på fyrmeisterbustaden, som hadde store kvadratiske heller som takteking. Mange av desse vart treffe og knuste av granatar. Men hellene vart seinare erstatta ved at ein tok ned jamstore heller frå eit uthus som stod der, og som også var skada av kanoneld.

Fyrtårnet fekk og nokre treffarar av granatar i nedre del, og Fresnel-linsa i lykta fekk knust bitar av nokre prismer. Men denne skaden er ikkje så stor at han har noko særleg innverknad på lysstråla.

Det andre åtakket på fyrstasjonen kom den 29/30 mars 1945, altså nær slutten av verdskrigen i Europa. Kortversjonen av åtakket lyder slik: ” MTB ”7 17” Herlovsen og MTB ”7 16” Gundersen Styrte Nyleden og Stokksund, der en tysk patruljebåt ”Vp5532” (ein vaktbåt) ble skutt i brann under ildgiving på distanser fra 300 meter til kloss hold. Under utfarten skuddveksling med tyskerne på Slotterøy. Matros Paulsen på MTB ”7 17” falt.”

Her er heile den offisielle rapporten om det som hende denne natta:

”Kl.. 2315 gikk motortorpedobåtene inn i Digernessundet og fortsatte nordover med sakte fart. Kl. 0015 (30/3) hadde styrken Ringholmen i tvers og 20 minutter senere var den tvers av Eggøy. Den dreide da vestover Selbjørnsfjorden og nærmet seg Slåtterøy fyr, for - i henhold til operasjonsordren - ved kanonild å gjøre størst mulig skade på den tyske vaktposten som var blitt forsterket etter angrepet som kapteinløytnant Herlofson foretok den 23 desember 1944 - på de tyske installasjonene på øya. Kl. 0052 åpnet båtene ild med 6 pounds og 20 mm. Oerlikonkanoner mot de tyske brakkene på Slåtterøy på en avstand av ca 180 meter. Skytingen varte i tre minutter. Det ble observert treff både av 6-pounds og 20 mm. prosjektiler, og det ble sett at en maskinkanon ble ødelagt. Ilden ble øyeblikkelig besvart av tyskerne med Oerlikonkanoner og maskingevær.

Under beskytningen ble en mann drept og en mann lettere såret på MTB "7 17", mens MTB "7 16" ikke hadde noen tap. Men begge båtene fikk flere treff i skroget uten å bli nevneverdig skadd. KL.0055. Styrte styrken ut til sjøs, og KL. 0110 satte den kurs for Shetland. Ut på ettermiddagen den samme dag kom den til Lerwick uten ytterlige hendelser" (Så kjem ei liste over ammunisjonsforbruket.)

Frå ein annan informant som hadde vore med som mannskap, hørde eg at det vart skote mot ei kanonstilling litt sør for fyret. "Der stilna tyskarane sin eld av ganske snart, og ei kanon vart øydelagd, og smia vart sett i brann."

Det er klart at denne nattlege kanonaden vekte folk vidt omkring på dei næraste øyane. Men etter slike bataljar nemnde aldri tyskarane noko til sivilbefolkninga om kva som hadde hendt. Avisene melde neste dag at fiendtlege torpedobåtar hadde vore på raid inne i leiene

sør for Selbjørnsfjorden, og at deira åtak mot norske skip og installasjonar var slegne attende med tap. Dei nemnde ingen eigne tap. Men sanninga var ikkje lett å dølja: Neste dag kom ein tysk motortorpedobåt til kai i Brandasund og lyfte i land "fleire" likkister. Og eg les følgjande rapport i mi eigen kortfatta dagbok - med store bokstavar:

"Den 29. mars (skjærtorsdag)

BATALJE VED SLOTTERØY

- og neste dag, langfredag:


TO TYSKE TORPEDO-BÅTAR VAR I

GLOPPEVÅGEN MED SÅRA.(soldatar).

DOKTOREN VAR DER."

Kvifor vart dei såra soldatane førde til Gloppevågen? Svaret må vel vera at dette var snaraste vegen til Osterners Festning, der dei hadde eit fullt utstyrt lasarett for folk med krigsskadar.

Granatskade på linsa.



Luftslaget over Selbjørnsfjorden

Forfatteren Halvor Sperbund har i boka si "Brennpunkt Westkuste" skildra dette slaget. Her er eit kortfatta utdrag frå boka, og dertil eigne observasjonar.

Den 15 januar 1945 vart ein "Svart dag over Stord," der det utspelte seg to luftslag. Det første over Leirvik hamn, det andre over Selbjørnsfjorden. På hamna på Leirvik låg ein svær lastebåt med namnet "Claus Rickmers" og dertil fleire vaktbåtar.

Dette var det andre åtak mot Leirvik. Det første kom ei veke tidlegare, den 9. januar, og sidan den dagen var forsvaret av skipa og hamna blitt forsterka med fleire luftvernkanoner og mitraljøsestillingar. Tyskarane frykta eit nytt åtak - og det kom:

Frå Banff i Skottland hadde det tidlegare på dagen teke av ein heil skvadron på 15 Mosquitos kampfly som skulle utføra dette åtak. Flya kom i låg høgd - godt samla - inn over Selbjørnsfjorden, og vart møtt med eld frå Osternes Festning.

I krigsdagboka vår står følgjande merknad - i telegramstil: ENGELSKE FLY. STOKKSNESET SKAUT.

Eg og bror min var merkeleg nok oppe på Litlevarden denne dagen. Brått hørde me ein framand flydur og skyting frå luftvernkanonene på Stokksneset. Då kom det ein konsentrert flyskvadron rett over Landa - der me bur - i middels høgd. Det var engelske kjenningsmerke på kroppen - også under vengene - der det og var montert rakettar. Me talde til 15 fly. Me hørde smell frå kanoner - eller var det smell frå eksploderande 20 mm granatar? Desse eksploderer etter at fosforet som lagar sporlys er utbrent (etter ca. 1600 m). Då vart me redde og følte at me stod som skyteskiver der oppe på haugen. Brått stansa skytinga, og me sprang heim for å fortelja kva som hadde hendt. Dagen etter las me i avisa at Mosquitosfly frå England hadde retta eit nytt åtak mot Leirvik hamn, og hadde senka D/S "Claus Rickmers" og ein vaktbåt. Men tyskarane hadde skote ned eit engelsk fly, det fall i sjøen utfor Klosterneiset på Halsnøy. Fleire andre av flya var skada og lite kampdyktige.

Restar etter kanonstilling (utgraven i 2009).



Difor gav "flightsjefen" ordre om å bryta av og returnera - ikkje mot vest over Bømlø - men ut Langenuen mot nord. Skvadronen flaug i "spredt orden" for å gjera det vanskelegare for det tyske luftskytset på Osternes Festning. Men flygarane ana ikkje kva som venta dei ytst i Selbjørnsfjorden, for der krinsa det no ein hel flokk med tyske Focke-Wulf-jagarar som var komne frå Herdla flystasjon. Det utvikla seg til ein vill og uryddig luftkamp som varde over ein halv time. Tyskarane var overlegne i fart og angrepstaktikk. Fire engelske fly vart nedskotne, og tre tyske. Me på Landa såg fly i lufta over Selbjørnen og Selbjørnsfjorden, men eg hugsar ikkje om me høyrde krigslydar.

I boka "Brennpunkt Westkuste" skildrar forfattaren korleis det såg ut etter slaget, på begge sider av fjorden: "I Stolmavågen var Jonas Habbestad i ferd med å utføre vedlikehald på motoren i skøyta "Kapella," da 6-7 tyskere kom løpende og beordret ham ut på sjøen for å lete etter nedskutte flybesetninger. Ganske snart når de et område i fjorden hvor det flyter alle slags vrakdeler. Det er hovedsakelig kryssfinerdeler trukket med seilduk fra nedskutte Mosquitoer, og han ser at den flygeren som de finner drivende med hodet ned, er britisk. De får han ombord, og Jonas blir forferdet over hvor ung han ser ut.



På andre siden av Selbjørnsfjorden, i Brandasund, skjer akkurat det samme som i Stolmavågen. Harald Kvarven og hans far blir beordret av soldater fra kystvakt-stasjonen på Slåtterøy til å seile ut i fjorden for å søke etter besetninger. Harald synes at hele fjorden er full av vrakrester, og midt blant dem finner de en liten gummibåt med en britisk flyger. De får ham om bord, og tyskerne bryr seg lite, for de er helt sikre på at flygeren er død. Men Harald, derimot, ser tegn til liv og undersøker "liket." Han og faren pakker ham inn i alt de har av tepper, og etter hvert kvikner karen til. De går inn til Brandasund, og tyskeren tar britten med seg til stasjonen på Slåtterøy. F/Sgt. "Jock" Cottie har fløyet sin siste flytur, men han er i live!" (Han vart vel sendt til ein fangeleir i Tyskland for nedskotne britiske krigsflygarar.)

Andre åtak, og planar om åtak på kystfyrstasjonane

Halvor Sperbund har funne følgjande opplysningar i krigsdagboka til den britiske flåtens flyvåpen (Fleet Air Arm) på Hatston flystasjon på Orknøyanne:

“I. august 1940. 9 Blackburn Skuas (bomberfly) were sent in three sections of three aircraft each, to attack shipping between Bergen and Haugesund.

II 45: Three Skuas attacked radio station on Slotterøy island after searching Bømmelfjord “ (Her står ingenting om observert resultat.)

“Vi vet også at tyskerne ganske raskt etter invasjonen besatte Slotterøy, og førte opp en eller flere bygninger (brakker) der, i tilknytning til, eller nær fyret. De kalte stasjonen for KuWa Slotterø, altså kystvaktstasjon Slåtterøy, og utstyrte den med en 30 watts Johnsen sender/mottaker. En slik stasjon var vanligvis bemannet med rundt 15-20 personer som jobbet på døgnskift. Tyskerne installerte seg tilsvarende også på andre fyr, bl. a. Marsteinen, Hellesøy, Holmengrå og Utsira.

Personellet på Slåtterøy tilhørte Krigsmarine, i likhet med besetningen på Osternes fort. Så på Slåtterøy hadde tyskerne tre ulike oppgaver: Kystvaktstasjon

Artilleri-observasjonspost
Fyrdriftstasjon

Således var Slåtterøya en meget viktig del av tyskernes kystovervåkning i deres totalforsvar av kysten.

I mars 1945 iverksatte de allierte en operasjon kalt “Chuch” – som gikk ut på å skyte ut fyrlyktene på kysten. Jeg kan hittil ikke se at Slåtterøya ble angrepet da.”

(Dei små “såra” i linsa på fyrtårnet stammar nok frå eit av dei andre åtaka på øya.)

Framtida for fyrstasjonen

Ute på Slåtterøya står enno det solide fyrtårnet som har overlevd både orkanar og granatar. Likeeins står fyrvaktarbustaden der – førebels i god stand. Det er å ynskja at den store “Fresnel-linsa” framleis får senda Noregs skarpaste fyrlys langt utover havet og innover fitjarøyane, med lyskarakteren: “ 2 lynblink hvert 30. sekund. Hvitt rundlysende.”





